

OMIPOWER UTVIKLING AS  
c/o Norsk Omipower AS Parkveien 33B  
0258 OSLO

**Vår dato:** 02.09.2022

**Vår ref.:** 201300215-32 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Kreppingdalen kraftverk, Hjelmeland kommune, Rogaland. Vedtak om utsett byggjefrist**

Vi viser til søknad frå Norsk vannkraft datert 28.09.2021 om utsett byggjefrist for Kreppingdalen kraftverk i Hjelmeland kommune.

### **Bakgrunn**

NVE ga konsesjon til Kreppingdalen kraftverk i vedtak den 20.12.2016. Det følgjer av vassessurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang å byggje innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

### **Søknad**

NVE har fått følgjande søknad frå Norsk vannkraft på vegne av Omipower utvikling AS:

*«Kreppingdalen kraftverk fikk konsesjon 20.12.2016. Prosjektets tiltakshaver er Omipower Utvikling AS (som er 100% eid av Norsk Omipower AS). Norsk Omipower AS og Omipower Utvikling AS ønsker å realisere prosjektet og trenger derfor å få forlenget konsesjonstiden med nye 5 år. Vi ber om skriftlig bekreftelse på at forlengelse er innvilget.»*

Søknaden om forlenga byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

### **Høyring**

Søknad om forlenga byggjefrist har vore på høyring i Hjelmeland kommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune for utsegn. NVE har motteke fråsegn frå Statsforvaltaren i Rogaland som skriv i e-post av 25.05.2022 at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for gjeldande konsesjonar.

### **NVE si vurdering**

Ein søknad om utsett byggefrist inneber ikkje ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome nye eller *endra* omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan



sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknad om forlenga byggjefrist har vore på høyring i Hjelmeland kommune, Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune for utsegn Statsforvaltaren i Rogaland har svart at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for gjeldande konsesjonar. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist bør bli avslått.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

### **NVE sitt vedtak**

**NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Kreppingdalen kraftverk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 20.12.2026.**

Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 20.12.2016.

### **Om klage og klagerett**

Sjå eige vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Carsten Jensen  
seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.



**Mottakarliste:**

OMIPOWER UTVIKLING AS

**Kopimottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

HJELMELAND KOMMUNE

NORSK VANNKRAFT AS



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngeving, kan du be NVE om å få ei grunngeving. Du må be om grunngevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunnjie klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.